Folgefonna
nasjonalparkstyre

Møteprotokoll

Utval: **Folgefonna nasjonalparkstyre**
Møtestad: Teams
Dato: 12.03.2026
Tidspunkt: 09:00 - 12:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Aga Haug	Medlem	Ullensvang kommune
Sigrid Brattabø Handegard	Medlem	Vestland fylkeskommune
Mette Heidi Bergsvåg Ekhreim	Medlem	Etne kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Vegard Bjørnevik	Medlem	Kvinnherad kommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Thea Vaage		Kvinnherad kommune

Merknader:

Andre frammøtte:

Namn
Astrid Bakke Haavik

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 8/26	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 9/26	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 10/26	Delegeringsreglement - Folgefonna nasjonalparkstyre 2026		2025/17855
ST 11/26	Prioritering av tiltaksmidlar 2026 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2026		2025/17855
ST 12/26	Referatsaker		
RS 8/26	Anmodning om rapportering av antall anmeldelser til politiet i 2025 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2026		2026/2145
RS 9/26	Klargjøring av unntak i verneforskrifter for militær operativ virksomhet		2025/17855
ST 13/26	Delegerte saker		
DS 1/26	Delegert løyve - Søknad om utvidet bruk av helikopter til Bondhusbreen inntak - Folgefonna nasjonalpark		2026/190
DS 2/26	Vedtak - fly materiale - helikopter - stølshus - Fynderdale - Folgefonna nasjonalpark		2026/3003
DS 3/26	Løyve - Søknad om utvidet bruk av helikopter til Bondhusbreen inntak - Folgefonna nasjonalpark		2026/190
DS 4/26	Delegert vedtak - Motorferdsel i verneområde - Folgefonna nasjonalpark - helikopter - Odda og Ullensvang turlag		2026/1886
DS 5/26	Løyve til dronefilming - Møsevatnet - Motorferdsel i verneområde - Folgefonna nasjonalpark - drone		2026/1747
DS 6/26	Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - motorferdsel - helikopter og snøskuter - utsetting av måleinstrument og undersøkingar - Universitetet i Bergen		2026/1541

ST 8/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.03.2026

Handsaming i møte

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart einstemmig godkjent.

ST 9/26 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.03.2026

Handsaming i møte

Vedtak

Thea Vaage blei valgt til å skrive under protokollen saman med styreleiar Sigrid Brattabø Handegard.

ST 10/26 Delegeringsreglement - Folgefonna nasjonalparkstyre 2026

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.03.2026

Handsaming i møte

Styret ser nytta av delegeringsreglementet og meiner det fungerer godt etter føremålet. Dei nye endringane vil gjere det enklare for forvaltar å agere raskare i nokre saker der det er naudsynt.

Vedtak

Delegeringsreglementet er einstemmig vedteke.

ST 11/26 Prioritering av tiltaksmidlar 2026 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2026

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.03.2026

Handsaming i møte

Forvaltar orienterer om status på dei ulike tiltaka. Det er tildelt ei ramme som mest sannsynleg vil kunne dekke alle tiltaka som er prioritert i år.
Innfallsportane
Det er fem innfallsportar som er prioritert utvikla; Bondhusdalen, Rosendal, Langfoss, Buer og Velkomstsenteret.

Bondhusdalen er allereie i prosess og vi held fram med den.
Sidan dei andre innfallsportane er i forskjellige fasar når det kjem til utbygging og behov så ber styret forvaltar om å lage eit notat med forslag til fordeling av pengar mellom innfallsportane for i år og ein tidsplan for gjennomføring av prosjektering for alle desse utvalde innfallsportane.
Dei ulike inafallsportane vil gå som eigne separate prosjekt og kvart prosjekt skal ha si eigne lokale ressursgrupper som arbeider saman med konsulent. Styret vil delta i strategiske val og avgjerder i løpet av prosjekta.
Driftsmidlar
Forvaltar orienterer om driftsmidlene og det er sett av 500 000 til lønsmidlar for revidering av forvaltningsplan og forvaltar er i samtale med miljødirektøren om korleis ein skal bruke dei pengane.

Vedtak

Prioritering av tiltaksmidlar og driftsmidlar for 2026 blir vedteke. Styret vedtek å søke om midlar til å dekke studietur.

ST 12/26 Referatsaker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.03.2026

Handsaming i møte

Vedtak

Referatsakene blir tatt til vitande.

ST 13/26 Delegerte saker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 12.03.2026

Handsaming i møte

Vedtak

Dei delegerte sakene blir tatt til vitande.